



Helgheim er no restaurert grundig – og det har kosta ein betydeleg sum trass i ein stor og imponerande dugnadsinnsats. Her er målinga i gang i fjor sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ungdomslaget i Uskedalen har no ei lånegjeld på 83.903 kroner som har samanheng med omfattande restaurering og reparasjon av Helgheim. Dette går fram av søknaden om kommunal driftstønad for 2008 som no er sendt inn.

Dei totale utgiftene i fjor var 153.318 kroner medan inntektene var 120.508 kroner. Laget hadde 44.649 kroner i banken ved årsskiftet.

På inntektssida er arrangement og utlodningar den største posten med 68.395 kroner. Bingoen gav ei inntekt i fjor på 57.249 kroner mot 32.890 året før.

Det er bokført 14.438 i tilskot frå kommunen og 4.000 i private gåver medan medlemskontingenten utgjør 8.200 kroner.

Utleigeinntektene har vore 22.400 kroner i 2007.

Talet på aktive medlemmer under 18 år er no 45 medan det er 15 aktive over denne aldersgrensen.

Hyttestyret hadde i fjor seks møter, medan barnegruppa hadde 10 samlingar. Barnediskotek vart arrangert seks gonger og musikk-gruppa var samla 13 gonger,

Ungdomslaget skal ha årsmøtet sitt 27. februar.

Av Ola Matti Mathisen